

Mellombels forskrift om klagenemnd for handsaming av klager over Koronakommisjonen sine avgjerder etter offentleglova

Fastsett ved kongeleg resolusjon 20.11.2020 med heimel i forvaltningsloven § 28 fjerde ledd fyrste punktum, jf. offentleglova § 32 tredje ledd andre punktum. Fremja av Justis- og beredskapsdepartementet.

§ 1 Klager over Koronakommisjonen sine avgjerder etter offentleglova

Klager over avgjerder etter offentleglova frå kommisjonen som skal gå gjennom og trekkje lærdom frå styresmaktene si handtering av covid-19-utbrotet i Noreg (Koronakommisjonen) skal handsamast av ei særskilt oppnemnt klagenemnd. Klagenemnda skal ha ein leiar med personleg varamedlem, to andre medlemar og ein annan varamedlem. Medlemane og varamedlemane blir oppnemnde av Kongen i statsråd.

§ 2 Når klagenemnda kan ta avgjerd

Klagenemnda kan avgjera ei sak når leiaren eller leiaren sin vara og minst ein annan medlem eller varamedlem tek del i handsaminga. Dersom berre to medlemar tek del i ei avgjerd, har leiaren eller leiaren sin vara dobbeltstemme ved usemje.

§ 3 Iverksetjing og oppheving

Forskrifta tek til å gjelde straks.

Forskrifta blir oppheva når Koronakommisjonen har avslutta arbeidet sitt, klagenemnda har handsama alle klager som nemnt i § 1 som er fremja innan klagefristen, og Koronakommisjonen sitt dokumentmateriale er avlevert til Arkivverket.